



Tenkjer du på å bli konfirmert  
i 2023, og lurer på korleis  
konfirmantåret ser ut?  
Bla om og sjå ☺



KONFIRMAN<sup>†</sup>  
2023



# Velkommen som konfirmant 2023!

Vi har laga eit variert konfirmantopplegg. Gjennom aktivitetar, undervisning og deltaking vil du som konfirmant bli betre kjent med den kristne trua. Du får hjelp til å reflektere over viktige spørsmål i livet, kven du er og kva du står for.



## Undervisningssamlingar

Undervisninga er variert. Vi skal ha undervisningssamlingar på ettermiddag, møtast til gudstenester og reise på leir, ulike aktivitetsgrupper med meir.

Det meste av undervisninga skjer på ettermiddagstid. Samlingane er i kyrkja, på kyrkjelydshuset og ute. Vi skal læra mykje, og vi håpar de får oppleve at det er kjekt, interessant og spennande å vera konfirmant!

Alle våre samlingar er mobilfrie.



## Aktivitetsgrupper

Frå november er de med på ulike aktivitetsgrupper. Det kan vera ungdomsklubb, heimegruppe, leir eller noko heilt anna. Gruppene fordeler vi etter haustferien.



## Gudstenester



Som konfirmant er du med på fleire gudstenester i løpet av året. Nokre av dei vel du sjølv, i nokre av dei er du medhjelpar, og i nokre av dei skal de konfirmantar ha ei hovudrolle.

Vi tilpassar konfirmantoppgåver etter innhaldet i gudstenestene, og kva de konfirmantar er komfortable med.

Oversikt over når du er medhjelpar vert laga og sendt ut i løpet av september.

## Konfirmanthelg på Lyngmo

I slutten av januar er det konfirmantleir på Lyngmo. Leir er garantert eit høgdepunkt i konfirmanttida. Her er det mykje gøy som skjer. Vi har aktivitetar ute og inne, undervisning og underhaldning.



## Påskelaurdag

Laurdag før påske samlar vi alle konfirmantane til ein felles dag i Stedje kyrkje. Tema for dagen er påskeveka.

Denne dagen markerer at konfirmantåret går inn i siste fase. No er undervisninga snart slutt og vi tek til å førebu innspurten av konfirmantåret!




## Fasteaksjon

Tysdag før påske er det innsamlingsaksjon til Kirkens nødhjelp. Då går konfirmantane med bøsse og samlar inn pengar. Kirkens nødhjelp har fokus på reint vatn til dei som ikkje har tilgang på det. For meir info sjå [www.fasteaksjonen.no](http://www.fasteaksjonen.no)



Foto: Ørjan Talle



## Konfirmantopplegget

I år følger vi eit konfirmantopplegg som heiter DELTA. Opplegget inneheld filmsnuttar, presentasjonar, oppgåver og ei loggbok som gjev variert undervisning gjennom dei mange ulike tema i konfirmantåret.

## **Konfirmantkalender**

Konfirmantkalender ligg på heimesida vår.

[sogndal.kyrkja.no/Born-og-unge/Konfirmant](http://sogndal.kyrkja.no/Born-og-unge/Konfirmant)

## **Kickoff onsdag 24. august kl 19.00 i Stedje kyrkje**

Dette er ei fellessamling for både konfirmantar og føresette. Her sparkar vi i gong konfirmantåret, og det vert gitt mykje informasjon om kva som skjer fram mot konfirmasjonsdagen.

## **Eigenbetaling**

De betalar ein eigendel på kr. 1500,- for ymse utgifter. Dette inkluderer mellom anna leir. Soknerådet dekkjer resten av kostnadane med konfirmantåret som ei gāve frå kyrkjelyden. Det er mogleg å betale med kort ved påmelding eller få faktura/dele opp betalinga. Har du spørsmål eller utfordringar rundt betaling, kontakt kyrkjekontoret.

## **Påmelding**

Påmelding skjer på [www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no) Det er viktig at føresette er med og melder på. Ein kan melde seg på undervisninga sjølv om ein ikkje er døypt.

## **Tilrettelegging**

Er det noko vi bør vite om, til dømes behov for tilrettelegging etc., er det viktig at de melder frå om dette. Du kan skrive det i kommentarfeltet ved påmelding eller kontakte kyrkjekontoret. Alle opplysningar vert handsama etter gjeldande personvernreglar.

## **Kontakt**

Sogndal kyrkjekontor 57679985 kan svare på spørsmål du har om konfirmantopplegget og påmelding.

Du kan også sende epost til [konfirmant@sogndal.kyrkja.no](mailto:konfirmant@sogndal.kyrkja.no)



E-post: [konfirmant@sogndal.kyrkja.no](mailto:konfirmant@sogndal.kyrkja.no),

Adresse: Postboks 180, 6851 Sogndal

Besøksadresse: 2. etg. Stedjetunet, Kyrkjevegen 6

**obs påmeldingsfrist: 12. august 2022**